

torsdag

Stemt - tjuvstart i «gammelfabrikken» til Talgø i Todalen

Tid: 18.00
Sted: Todalen
Inngang: 200,-

fredag

Opningskonsert i Prestegardsstua

Tid: 18.00
Sted: Prestegarden
Inngang: 200,-

Kunstutstilling m/Pirjo og Bebbo

Tid: 20.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 0,-

From Russia with Love - Russisk aften

Tid: 22.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 250,-

laurdag

Barne- og familiedag i Bondehuset!

Med Huldre og Troll i dur og moll

Koseputa i Paris med Teater Fusentast sitt titteskapeater

Rasmus Rohde og Stangvikfestivalens beste band

Tid: 14.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 100/250,-(fam)

Den tradisjonelle Fiskesuppa

Tid: 16.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 100,- per kuvert

I førsommarens fang - samfunnsengasjement og salmesong med nynorsk brodd

Tid: 18.00
Sted: Stangvik Kyrkje
Inngang: 200,-

Svart natt i Stangvik

- Frå Forbrytersk Musikk til David Bowie

Tid: 21.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 250,-

søndag

Operalunsj - Med Ann-Helen Moen og Trond Halstein Moe

Tid: 12.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 200,-

Fotballturneringa

Tid: 14.00
Sted: Stangvik
Inngang: 0,-STANGVIK
FESTIVALEN '1424.-27.
Juli



VELKOMMEN TIL FESTIVAL!

Nok ein festival over i vakre, varme Makrygialos på sørsida av Kreta. I ferieveka etterpå sitt ein og funderar på kva som gjer denne festivalen så eksklusiv og forlokkande. Første tanken går sjølvstomt mot sol og varme, Middelhavet, god mat og rikelege mengder sterk raki. Og ja, det stemmer at det viktige ingrediensar alt dette, men når eg tenkjer meg om så er det nok heller størrelsen på festivalen, -eller mangelen på størrelse som er det avgjerande.

Og medan eg sit og funderar på dette skulle eg jo eigentleg ha drive og planlagt årets Stangvikfestival. Det at festivalen er liten og intim gjer at det blir ein festival der aktørar, arrangørar og frivillige blandar seg i ein stor graut. Vi spelar for kjentfolk, vi er publikum for kjentfolk, vi drikk og et ilag, og ein får lyst til å spørje seg kvifor i all verden skal alle festivalar og alt muleg anna i våre dagar absolutt prøve å vekse seg så stor. Er det ikkje mykje betre å være liten og heller satse på kvalitet og sjarm - ja sjå t.d på Messi.

Og ja, det skadar ikkje at vi i Stangvik har godt vær, ein fantastisk stangvikfjord og verdens beste fiskeburger. Og det stemmer at det er viktige ingrediensar alt dette, men når eg tenkjer meg om så er det nok heller størrelsen på festivalen, -eller mangelen på størrelse som er det avgjerande. Det at vi alle no; aktørar, arrangørar og frivillige trør til og verkeleg lagar den gode festivalstemninga.

Også er det berre opp til alle de og vi som utgjer vårt fantastiske publikum å verkeleg skape dei store augneblinka. Det er jo det som er vår raki! God festival!

Trygve Brøske, Kunstnerisk leiar

Jubileumsfestivalen i 2012 vart ein kjempesuksess. Mykje publikum, svært gode konsertar og arrangement. Og når vi parar saman det med godt vær, mye positive frivillige før, under og etter festivalen så blir jo svaret ein svært god og godt gjennomført jubileumsfestival! Takk til alle som kom da og ikkje minst til deg som kom i år også!

I år er det 15 år sidan den første Stangvik-festivalen vart arrangert i 1999. Det har fram til og med 2012 vore heile 142 forskjellige aktørar som har gjort Stangvikfestivalen til det den har vore og er den dag i dag. Det er og slik at det faktisk er ca. 80 frivillige som bidrar både som fiskarar, fiskeburgersteikarar, står i baren, lagar mat, er husromutleigarar, og elles legg til rette på alle mulige måtar slik at festivalen skal kunne gjennomførast på ein god måte - tusen takk til alle som bidreg på sin måte! I tillegg vil eg takke alle våre trufaste sponsorar med hovudsponsor Surnadal Sparebank i spissen. Vil og takke Surnadal kommune for god støtte. For å ha en sunn økonomi treng vi en god blanding av støtte, og inntekter frå sal av billetter og det du måtte finne på å kjøpe i baren :-)

Eg er rimeleg sikker på at du kjem til å trivast i lag med oss. Se i programmet og møt opp på alt. Eg anbefaler å kjøpe festivalpass, for alle arrangementa vil ha noko i seg som vil falle i smak, ikkje minst skal du legge merke til den høge kvaliteten som aktørane våre har og viser i bidraga sine. Og hugs at det aller meste er «satt saman» i løpet av uka forut for sjøve festivalhelga. Imponerande spør du meg.

Til slutt vil eg berre seie - nyt festivalen til det fulle for når den er ferdig så er det heile 2 år til neste mulegheit :-)

Lars Inge Kvande
styreleiar



Torsdag 24. juli

«STEMT» - TJUVSTART I GAMMELFABRIKKEN TIL TALGØ I TODALEN

Framsyninga STEM T har gått for fulle hus rundt om i Trøndelag. Marianne Meløy tek oss med på ei feiring av den allmenne stemmeretten. Stemma kan puttast i ei urne. Du kan også rope, kviskre, argumentere, herme, gaule, remje og synge med den. Vi møter stemmene til eit 40 talls karakterar frå mor sin stemme til Siv og Gro, og fleire andre velkjente stemmer frå kåseria i NRK P1s Norgesglaset.

Marianne Meløy ytrar seg i full fridom, kanskje møter ho seg sjølv i døra? Muskar og komponist Trygve Brøske er tonefølgje gjennom førestillinga og han har også fått ansvaret for stemmeoppvarminga av publikum.

Kanskje får vi høyre utdrag av Todalsssongen også i år?

Todalen IL sørger for mat og drikke i dei flotte lokala på gammelfabrikken.

Stemt - tjuvstart i «gammelfabrikken» til Talgø i Todalen

Tid: 18.00
Sted: Todalen
Inngang: 200,-



Fredag 25. juli

OPNINGSKONSERT I PRESTEGARDSSTUA

På tradisjonelt vis vil vi presentere dei fleste av aktørane på denne intime konserten. Stangvik er på det vakraste når solstrålane bryt gjennom dei massive trekronene og lagar fargespel som saman med ulike tonar frå ny og gammal tid utfordrar, behagar og inspirerer oss. Det er her stemninga for festivalen blir sett og vi kan glede oss over å få kunst av høg klasse servert midt i fanget av dei fantastiske muskarane våre. Det er begrensa med plassar her, så møt opp i god tid.

Opningskonsert i Prestegardsstua

Tid: 18.00
Sted: Prestegarden
Inngang: 200,-

KUNSTUTSTILLING «PIRJO OG BEBBO»

Pirjo Eronen og Pietro (Bebbo) Matarese er årets festivalkunstnarar.

Det finsk-italienske kunstnarparet er med på å sette bygda i festivalstemning. Vi vil få møte kunstverka deira både inne i Bondehuset og i nærmiljøet rundt. Pirjo sine keramikk-/porselenverk og Bebbo sine jarnskulpturar. Kan hende vil naturen i Stangvik vere med og påverke kunstverka også.

Dei legg begge vekt på å lage kunst som viser kor viktig det er å leve i harmoni med naturen.

Dei har arbeidd mykje saman med det norsk-italienske kunstnarsenteret i Tolfa der Brit Dyrnes er aktiv og mange av muskarane våre har vore på konsertbesøk.

Kunstutstilling m/Pirjo og Bebbo

Tid: 20.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 0,-

Fredag kveld

FROM RUSSIA WITH LOVE - RUSSISK AFTEN

Den store naboen vår i aust har vi møtt i ulike samanhengar i Stangvikfestivalen si historie. I år vil vi sette søkjelyset på i første rekkje musikktradisjonen og nokre av dei massive komponistane som dei har fostra. Josef Stalin har visstnok sagt at god musikk skal kunne plystrast. Om det er råd med all musikken som blir presentert veit vi ikkje. Hans Wilhelm Steinfeldt kjem ikkje, men Marianne Meløy vil ha nokre betraktningar omkring naboskapet vårt til den store bjørnen.

Vi får høyre fleire av dei storslagne muskarane våre presentere musikk, songar og dikt av Sjostakovitsj, Tsjajkovskij, Vysotskij, Pussy Riot og mange fleir som vi ikkje klarte å skrive namnet på. Ann-Helen Moen og Alpaca Ensemble, Trond Halstein Moe, Andreas Elvenes, Erlend Smalås, Rasmus Rohde, Håvard Lund, Trygve Brøske m.fl vil sette oss i god stemming. Og for den som trur dette blir tungt og kjedeleg, møt opp og sjå. Trygve Brøske har ikkje vore rekna som ein av dei store innafor den russiske tradisjonen, men han har komponert musikken til KibergOdysseen, operaen som nyleg hadde urpremiere i Harstad. Marianne Meløy har skrive librettoen og dei vil nok ikkje la anledninga gå frå seg til å presentere nokre utdrag derfrå.

Den som vaks opp under den kalde krigen hugsar at det vart lagt ned mykje arbeid i å bevare eit godt fiendskap, så vi skal ikkje sjå heilt bort frå at nokre av Russland og Stangvik sine fiendar dukkar opp i løpet av kvelden.

Antrekk er valfritt, men ei god skinnhuve kan vere godt å ha når ein skal rusle heim utpå natta.

From Russia with Love - Russisk aften

Tid: 22.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 250,-

Laurdag 26. juli

BARNE- OG FAMILIEDAG I BONDEHUSET!

Med Huldre og Troll i dur og moll
Veit du korleis huldra ser ut? Veit du korleis ho lokkar menneska med seg? Ho er så vakker og syng så fint at ein får lyst til å følge etter henne rett inn i fjellet. Men gjer ein det, kjem ein aldri ut att. Folkesongar Unni Løvlid syng om huldre og troll med ei røyst mest like fin som den til huldra.

Koseputa i Paris

Teater Fusentast sitt einmannsteater Jaap den Hertog på Nord-Europas minste teaterscene. Fantastisk titteskapeater om Kalle som er heilt vill etter Koseputa si. Han klarar seg ikkje utan. Ikkje eingong når han drar til Paris med dotter si Sofie. Alt går bra – til Koseputa dett ned frå Eiffeltårnet...

Rasmus Rohde og Stangvikfestivalens beste band

Med nytt materiale og eit nykomponert band tek Rasmus nok ein gong Stangvik med storm! Her blir det drivande gode låtar og ein unik kontakt med både ungt og vaksent publikum.

Barne- og familiedag i Bondehuset!

Tid: 14.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 100/250,-(fam)

DEN TRADISJONELLE FISKESUPPA

Ein klassikar som berre blir betre og betre og betre. Her er det kulinariske Stangvik samla i ei hemmeleg oppskrift i ei stor gryte som brukar å bli tom. Nokre endringar på denne kan du ikkje rekne med, og det er heller ikkje naudsynt – for ho er god!

Den tradisjonelle Fiskesuppa

Tid: 16.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 100,- per kuvert

I FØRSOMMARENS FANG

–Samfunnsengasjement og salmesong med nynorsk brodd
Elias Blix (1836-1902) og Arnfinn Haram (1948-2012) i nye musikalske landskap

I konsertforestillinga I førsommarens namn har komponist Odd Johan Overøye tonesett lyrisk av Arnfinn Haram. Haram var prior ved Dominikanarklosteret i Oslo, syl skarp skribent og samfunnsdebattant som naut stor respekt både til høgre og venstre i det politiske landskapet.

Overøye har i dette prosjektet skapt eit musikalsk møtepunkt mellom profilerte utøvarar frå ulike formidlingstradisjonar. Det musikalske landskapet er ope, og spenner frå den enkle vise til gjennomkomponert musikk med ekko både frå populærmusikken, modernisme og gregoriansk tonespråk. Solistar er Ann-Helen Moen og Trond Halstein Moe

Komponist og klarinettist Håvard Lund ga hausten 2012 ut ein kritikarrost CD med verdensmusikk, der klassisk europeisk tradisjon møter østlege, briljante musikktradisjonar. BLIX BY LUND løfter salmediktar Elias Blix sine folkelege, religiøse tekstar til globalt, allmenne dimensjonar. Lund pendlar fritt, lett og leikande mellom klassisk musikk og europeisk jazz både som utøver og komponist. Og på dette prosjektet strekkjer han seg mot eit enda større musikalsk uttrykk. Solist på desse songane er Unni Løvlid.

Unni Løvlid er ein av dei friskaste tradisjonsutviklarane i norsk folkemusikk idag. På denne konserten vil ho og bidra med tradisjonelle religiøse folketonar.

I førsommarens fang – samfunnsengasjement og salmesong med nynorsk brodd

Tid: 18.00
Sted: Stangvik Kyrkje
Inngang: 200,-

Laurdag kveld

SVART NATT I STANGVIK - FRÅ FORBRYTERSK MUSIKK TIL DAVID BOWIE

Rasmus Rohde har skrivne ny musikk til eit knippe skillingsviser. Skillingsvisene tok for seg dramatiske hendingar som vi i dag berre kan finne på dagsrevyen eller internett. Dei vart trykte og solgt for ein skilling og spredte seg omkring i landet. Om det var pga. dårleg breiband på 1600 talet veit vi ikkje, men vi gleder oss til å høyre Rasmus sine nykomponerte melodiar. I bandet finn vi Trygve Brøske, Håvard Lund og Håkon Johansen.

Alpaca Ensemble og Andreas Elvenes tolkar David Bowie
David Bowie sleit, som mange av våre festivalmusikarar, med å takle rolla som superkjendis. Han skapte derfor figuren Ziggy Stardust for å skille mellom privatperson og artist. Andreas Elvenes og Alpaca Ensemble med gjester framfører heilt nye versjonar av låtane frå plata The Rise And fall of Ziggy Stardust. Musikkarrangemanga er gjort av Maja Solveig Kjelstrup Ratkje, Alwynne Pritchard og Jon Øyvind Ness.

Svart natt i Stangvik
- Frå Forbrytersk Musikk til David Bowie

Tid: 21.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 250,-

Søndag 27. juli

OPERALUNSJ

Kapellmester Trygve Brøske har fått med seg songarane Ann-Helen Moen og Trond Halstein Moe på ei reise i operaverda. Vi får utdrag frå Mozart sin Don Giovanni, Puccini sin La Boheme og Gershwin sin Porgy and Bess.

Våre kunstnarar Pirjo og Bebbo frå operalandet Italia vil servere ein dramatisk og lidenskapeleg lunsjrett innimellom høgdepunkta.

Med så mange dyktige musikarar kan vi også rekne med nokre overraskingar.

Operalunsj - Med Ann-Helen Moen og Trond Halstein Moe

Tid: 12.00
Sted: Bondehuset
Inngang: 200,-

FOTBALLTURNERINGA

Fotball er lidenskap. No når Drillo ikkje kom til VM må vi sette fokus på å by på festfotball i verdas viktigaste turnering. Vi satsar på enkle, klare løysingar.

Artisteri, innsats, stor spennvidde og lite intimitet. Ballen skal ganske enkelt i målet.

Det ryktast at såra etter førige turnering er grodd og aktiviteten på overgangsmarknaden er stor. Muskarlaget har også bestilt drakter med kevlarforsterka skulderparti for å beskytte seg mot dei lokale laga sine skarptrente angripingar. Dommaren melder at det vil bli fokus på filming i år, så hugs å møte nyfrisert og med nypussa sko. Filmen vil bli til vist på Bøgeskogen kortfilmfestival.

Fotballturneringa

Tid: 14.00
Sted: Stangvik
Inngang: 0,-

PIPELIFE

Hammerstuene
Restaurant & overnatting

Husfliden
6650 Surnadal
Tlf: 71 65 74 80 - Fax: 71 65 74 82
E-post: post@husflidensurnadal.no

joker
- helt i nærheten
Kvanne

MIKKELSEN MASKIN AS
maskinentreprenør
6650 SURNADAL

Norbørst
Nordenfjeldske Børstefabrikk AS

EXACT regnskap
Surnadal AS
Rasmøvegen 16
6650 Surnadal
Tlf: 71658990
Autorisert regnskapsførerselskap

VESTLANDS HUS
PRE-BO AS

REMA 1000

Vakre hjem
SKEI FARGEHANDEL

MONSIEUR
ROY MØLLE

Sollid Mek & Lakk Verksted AS

Statkraft

SURNADAL CAMPING
BÆREKØYA

THON
Hotel Vårsøg

VW Sveen Auto AS

T. SYLTE BIL

b.young
INC.

VIBO
ENTREPRENØR AS

Europpris
MER TIL OVERS

SURNADAL
TRANSPORT AS

møbel-fiske
fagmøbler
BRUNSTAD EKORNES
COLLECTION

ÅRETS FESTIVALKUNSTNERE: PIRJO ERONEN AND PIETRO (BEBO) MATARESE

We have created our workshop for iron and ceramics called "Laboratorio Boschivo" (Woodlands Studio) to give major strength to our activity and create more interest to our artistic work. Our main pursuits are iron work, ceramics and growing our vegetable garden. We also want to demonstrate sustainable way of living in harmony with nature in a world that has separated the human being from the natural environment.

It has been important for our artistic development to collaborate with members of "centro studi Italo Norvegese San Giuseppe" (Italian Norwegian cultural centre) in Tolfa to organise and participate different kind of cultural events in Italy and in Norway.

Pietro is born in Civitavecchia. He comes from the family of ironsmiths in many generations. In his work you can notice Scandinavian influence. Beside the iron he is using recycled materials. Pirjo is born in Finland, middle of the forest. That explains why she loves to work and live in Tolfa, the woodland and hillside area. She has specialized working with porcelain giving an impulse to the new tendencies of artistic and design ware in Rome.



Takk til våre gode samarbeidspartnere, utan dei ingen festival!
Hovedsponsoren vår;
Surnadal Sparebank,
Samarbeidspartnerne våre; Gjensidige Surnadal, Amfi, Svorka, Talgø, Skogkompaniet, og Driva.



Festivalen får god støtte frå Surnadal kommune

FESTIVALPASS

Inkluderer alle konsertane!

Pris kun kr. 750,-

PS! Møt opp i god tid;

Ca. 30 min før konsertstart

for å få så god plass som muleg!

FESTIVALKAFÉEN

Vil vere open i helga, og vil m.a. selge verdas beste fiskeburger, og serverer i tillegg både vått og tørt, med god kvalitet og stor spennvidde!

ÅRETS FESTIVALSTYRE:

Jo Inge Nes - teknisk arrangement

Else Bø, - øvingsplan for aktørane

Einar Nes - rigging

Anne Ragnhild Nes - overnatting og mat

Herborg Honnstad - frivillige i bar'n

Jonny Melkild - økonomileiar

Brit Dyrnes - koordinator m.m. for kunstnerane

Trygve Brøske - kunstnerisk leiar

Torbjørn Larsen - nestleiar, program

Lars Inge Kvande - leiar

ÅRETS AKTØRAR:

Ann-Helen Moen - song

Unni Løvlid - song

Trond Halstein Moe - song

Andreas Elvenes - song

Marianne Meløy - skodespelar, kåsør

Jaap den Hertog - einmannsteater

Sigrid E. Stang - fiolin

Anders Larsen - fiolin

Bergmund Skaslien - bratsj

Marianne B. Lie - cello

Håvard Lund - klarinett

Ole Jørgen Melhus - trombone

Rasmus Rohde - gitar, sang

Martin Högberg - gitar

Erlend Smalås - bass, song, tuba, gitar

Trygve Brøske - piano

Odd Johan Overøye - piano

Else Bø - piano

Jo Inge Nes - perkusjon

Håkon M Johansen - perkusjon

